

Folat i serum

Folsyre

Bakgrunn

Folsyre er eit B-vitamin og er «modersubstans» til ei stoffgruppe som blir kalla folat. Folat blir hurtig absorbert i den øvre delen av tyntarmen. Folatmangel fører til megaloblastanemi. Nevropsykiatriske forstyringar kan også førekomme. Depresjonstilstand og psykosar er mest vanlege, men polyneuropatiar og myelopatiar som følgje av folatmangel, er beskrive. Utilstrekkeleg folatinntak ved konsepsjonstidspunktet og under graviditeten er sannsynleg årsak til dei fleste tilfelle av medfødt nevrerørsdefekt.

Indikasjonar

Mistanke om folatmangel.

Prøvemateriale



0,5 mL serum teke på rør tilsett gel eller rør utan tilsetning. Unngå hemolyse. Prøven bør beskyttast mot sollys.

Haldbarheit serum: 4 døgn.

Referanseområde

> 5 nmol/L

Tolkingar

Låge s-folatverdiar kan sjåast ved malnutrisjon, malabsorpsjon (særleg cøliaki), graviditet, hemolytiske anemiar, myeloproliferative tilstandar og kroniske inflammasjonar. Enkelte medikament (antiepileptika) kan gje folatmangel.

Sidan folatmangel kan gje liknande hematologiske og nevropsykiatriske plager som kobalaminmangel, kan det vere vanskeleg å skilje mellom dei to mangeltilstandane. Analyse av s-metylmalonat (høg ved kobalaminmangel, men ikkje ved folatmangel) og p-homocystein (høg ved begge tilstandar) kan i slike tilfelle vere til hjelp.

Feilkilder: Hemolyse i forbindelse med prøvetaking gir falskt for høge verdiar.

Biologisk variasjon: Intraindividuell biologisk variasjon: 24,0%